



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **23. februar til 1. mars**



Måndag 23. Kl. 11.00 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Kvar måndag blir det lagt til rette for ei god kinoppleving på dagtid i Bømlo kulturhus. Her kan du kosa deg med flotte filmar, med faste prisar, litt nedsett lyd og ein kopp kaffi med noko attåt. Denne måndagen går filmen **"Wuthering Heights"**. Bill.pris kr 150



Måndag 23. Kl. 19.00 - Jordvern Bømlo - Bømlo folkebibliotek

Korleis laga beredskaps hage på eit lite areal" Anne Grete Bjørknes frå Hima-grønt i Nedstrand kjem med råd og tips. Gratis arrangement.



Tysdag 24. Kl. 10.00 - Seniortur - Baståsløypa

Tur til Baståsløypa i regi av Bømlo turlag. Oppmøte og start ved parkeringsplassen på Svortland skule.



Onsdag 25. Kl. 18.00 - Yoga og høgtlesing - Bømlo folkebibliotek

Lågterskel yogaøkt der fokuset er å finna gode kvilestillingar, slik at alt ligg til rette for å kunne lytta til teksten. Novella som blir lest er "Mannen som plantet trær" av Jean Giono. Sjå biblioteket sine sider for meir informasjon.



Torsdag 26. Kl. 10.00 - Torsdagstreff - Røde Kors huset

Kvar torsdag inviterer Bømlo frivilligsentral til torsdagstreff på Røde Kors huset. Dagen startar med stol trim og etterpå blir det servert smørbrød, kaffi og kaffimat.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Bli med i frivilligheita?

Å gjera noko for andre gjer noko med deg.

Kva er frivilligheit?

Det finst omlag 100 000 lag og foreiningar i Noreg. Dei driv med alt frå idrett og kultur til humanitært arbeid og aktivitetar i lokalmiljøet. Det dei har til felles er at dei er drivne av frivillige som ønskjer å bidra til hjartesaka si.

Kvifor bli frivillig?

- Du gjer noko godt for deg
- Du held deg aktiv
- Du får eit sosialt nettverk
- Du er nyttig og gjer ein forskjell
- Du deler din kompetanse og erfaring



–Å vere frivillig fyller kvardagen min med glede.

Brit, frivillig i LHL

Korleis blir eg frivillig?

Ein enkel måte å komma i gang på er å bruka nettsida Frivillig.no. Der kan du:

- Søkja på kommunen eller området du bur i
- Sjå kva for oppdrag eller aktivitetar du kan delta i
- Velgje noko som passar for deg, anten du likar å gå tur, hjelpe barn og unge, vere med på eit kulturarrangement eller bidra i eit lokallag.

Når du har funne noko du er nysgjerrig på, fyller du ut eit enkelt skjema nedst på sida. Organisasjonen tek deretter kontakt med deg for ein uforpliktande prat. Det kostar ingenting og du bind deg ikkje til noko.

Fakta om Frivillig.no:

Frivillig.no er ei digital oppslagstavle for frivillige oppdrag. Frivillighet Norge driv denne sida.

Kontaktinformasjon

epost: kontakt@frivillig.no

frivillig.no